

# Møteinnkalling

---

**Utval:** **Folgefonna nasjonalparkstyre**  
**Møtestad:** Ænes kyrkje kl 10:00, deretter kommunehuset i Rosendal  
**Dato:** 02.06.2016  
**Tidspunkt:** 10:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. +47 40904341. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.



## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 8/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/16	Underskrift av protokoll frå førre møte		
ST 10/16	Framlegg - Delegering av forvaltingsmynde etter nye vedtekter		2016/2843
ST 11/16	Endeleg prioritering av tiltaksmidlar for 2016 - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016		2016/2843
ST 12/16	Framlegg - Kjøp av tenester - vurdering av sårbarhet i Folgefonna Nasjonalpark		2016/2843
ST 13/16	Framlegg - Møtegodtgjersle		2016/2843
DS 8/16	Løyve - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om motorferdsel med helikopter- Vatnastøl		2016/4369
DS 9/16	Vedtak - løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Espeland - Buerstølen - Bruk av snøscooter i perioden 2016 - 2020 - Bjørn Buer		2016/2229
DS 10/16	Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Kvinnherad - Helikoptertransport til Krokasætra		2016/4210
DS 11/16	Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Motorferdsel til transport av salt og saltsteinar til beiteområder kring Fagradalsfjellet		2016/2798
DS 12/16	Søknad om forlenging av løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Espeland - Grønsdalsstølen - Ormannshaug - Bruk av snøscooter - Steinar Grønsdal		2015/16100
DS 13/16	Løyve - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsle - Bruk av helikopter for transport av feltmateriell til vedlikehald av uthus - Mosdal - Are Gram Økland		2016/3511
DS 14/16	Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Motorisert ferdsl i samband med drift og vedlikehald av teknisk anlegg		2016/6150

ST 8/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 9/16 Underskrift av protokoll frå førre møte

Arkivsaksnr: 2016/2843-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 06.05.2016

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Folgefonna nasjonalparkstyre	10/16	02.06.2016

## **Framlegg - Delegering av forvaltingsmynde etter nye vedtekter**

### **Innstilling frå forvaltar**

Styret gjev nasjonalparkforvaltaren myndigheit til å handsama saker etter verneforskrifta sine spesifiserte dispensasjonsreglar og nokre særskilte saker etter § 48 i naturmangfaldlova.

Verneforskrifta sine spesifiserte dispensasjonsregler for ferdsel og motorferdsel er:

- *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 5 og 6.*
- *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.*
- *Forskrift om vern av Ænesdalen landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.*
- *Forskrift om vern av Hattebergdalen landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.*
- *Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.*

Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der :

- Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadane er tilnærma uendra.
- Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/arbeidsutvalet i tilsvarende saker
- Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet

Delegasjonsvedtaket er gjort med heimel i vedtektene for Folgefonna nasjonalparkstyre av 15.08.2015 punkt 6.2.

Klage på delegerte vedtak skal sendast til ny behandling i styret/arbeidsutvalet.

## Saksopplysningar

- Vedtekter for Folgefonna nasjonalparkstyre, 15.08.2015
- Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark frå 2011.

Miljødirektoratet har med heimel i naturmangfaldlova § 62 andre ledd og tredje punktum, jf. Klima- og miljødepartementets delegering av mynde til Miljødirektoratet i brev av 14. oktober 2014, fastsett nye vedtekter for Folgefonna nasjonalparkstyre som gjeld frå 15. august 2015. Det er i tillegg utarbeida ny stillingsomtale for forvaltar i tråd med dei reviderte vedtektene.

I dei nye vedtektene er det utvida moglegheit for delegering av mynde til forvaltar. Styret kan gje forvaltar mynde til å gjere vedtak i saker som er kurant karakter. I førre vedtekter var det gjeve opning for å delegerere saker som gjaldt ferdsel og motorferdsle, men ikkje saker med heimel i naturmangfaldlova § 48. No er delegeringa utvida til å omfatte «saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der:

- a) Det dreier som om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra
- b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarende sak
- c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegerede vedtak i saka. Alle delegerede vedtak skal refererast for styret» (utdrag frå vedtektene pkt. 6.2).

Alle vedtak fatta av forvaltar skal gjerast i tråd med naturmangfaldlova, verneforskriftene og forvaltningsplan.

## Vurdering

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtok 25. januar 2013 å delegerere handsaminga av alle søknader om ferdsel som er heimla i dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene. Dette gjeld:

- *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 5 og 6.*
- *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.*
- *Forskrift om vern av Ænesdalen landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.*
- *Forskrift om vern av Hattebergdalen landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.*
- *Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.*

Frå april 2014 er alle saker handsama av Folgefonna nasjonalparkstyre lagt inn i Miljøvedtaksregisteret og derifrå er det enkelt å hente ei oversikt over alle saker. Fram til 1. mai 2016 er det registrert 60 vedtak i Miljøvedtaksregisteret, der 52 saker gjaldt ferdsel. 3 av desse er handsama i styret, 9 saker vart delegert til arbeidsutvalet og 40 saker vart handsama som delegerede saker av forvaltaren. Dei aller fleste av desse sakene gjeld motorisert transport som er naudsynt i samband med husdyrhald, og transport av material til stølshus og hytter inne i nasjonalparken og landskapsvernområda.

Forvaltningsplanen for Folgefonna og kringliggande landskapsvernområde vart vedteken i 2011. Planen inneheld føringar og retningslinjer for korleis søknader om motorferdsel skal handsamast. I tillegg er det etablert ein forvaltningspraksis for handsaming av saker sidan styret vart konstituert fyrste gong.

I dei nye vedtektene for Folgefonna nasjonalparkstyre har styret fått moglegheit til å delegere meir mynde til forvaltar, men sakene skal vere forankra i forvaltningsplanen eller det skal vere etablert ein forvaltningspraksis for tilsvarende saker i området.

Nasjonalparkstyret har sidan opprettinga i 2012, handsama mange saker som har gitt forvaltningspraksis i området. Fornying av dispensasjonar som styret har gitt med heimel i naturmangfaldlova § 48, er døme på kurante saker som kan delegerast til forvaltar. Andre døme på kurante saker er søknad om motorferdsel i samband med bygg og installasjonar som styret har gjeve dispensasjon til.

Forvaltar rår til at det kan delegerast vedtaksmynde til forvaltar i tråd med delegeringsmynde i vedtektene til styret for saker der forvaltningsplanen gjev klare retningslinjer eller styret har behandla tilnærma like saker. Forvaltar skal diskutere saker med styreleiar dersom forvaltar er i tvil om det er ei kurrant sak. Alle saker av prinsipiell karakter, skal leggjast fram for nasjonalparkstyret til avgjerd.

Arkivsaksnr: 2016/2843-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 21.05.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	11/16	02.06.2016

## **Endeleg prioritering av tiltaksmidler for 2016 - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016**

### **Forvalters tilråding**

Forvaltar har ikkje fremja forslag til vedtak i saka.

### **Bakgrunn**

Folgefonna nasjonalparkstyre søkte Miljødirektoratet om 2 175 000 kr til tiltak i verneområda, ved møte 1. desember 2015. Folgefonna nasjonalparkstyre har satt opp og prioritert dei tiltak dei ynskjer å gjennomføre i nasjonalparken og landskapsverneområda i 2016.

Ved førre styremøte var det ikkje full oversikt over kva tiltaka gjekk ut på og kva midlar styret hadde tilgjengeleg. Difor er det ønskjeleg å gjere opp status for kva midlar styre har til råde og kva statusen er i dag for dei ulike skisserte tiltaka.

Midlar som styret har tilgjengeleg til tiltak er lista opp under:

	Merknad	
Tiltaksmidler frå Miljødirektoratet 2016		900 000
Fond hjå Besøkssenter Folgefonna	Folgefonna nasjonalparkstyre	130 869
	Gardshammarvegen	50 000
	Ny profil	93 047
		<b>1 173 916</b>

Tiltaka og statusen for tiltaka er lista opp under:



Verneområde	Skildring	Budsjett	Status
Folgefonna NP	Innfallspørt Etne. Parkering infotavle og velkomstportal	500 000	Plassering og omfang er ikkje planlagt
Folgefonna NP/ Ænesdalen LVO	Innfallspørt Ænes. Parkering infotavle og velkomstportal	500 000	Areal er klart, men ikkje omdisponert til parkering enno. Vurderer om kommunen skal stå for opparbeiding (legge ut på anbod). Planen er at kommunen skal overdra arealet når p-plassen er ferdig. Parkering til minst 20-25 bilar.
Folgefonna NP + LVO	Velkomstportal på ein innfallspørt i kvar kommune.	300 000	Her er ikkje noko konkret planlagt, men det er arbeid som kan gjerast når ein ser behov. Besøksenteret arbeider parallelt med å oppdatere til ny profil på sine ansvarsområde. Velkomstportalar etter Miljødirektoratet sin nye designprofil. Stålramme kr. 50.000 + oppsetjing 10.000 x 5
Folgefonna NP	Resterande skilting av Buførevegen/Pilegrimsv egen	25 000	Ok. Klart til gjennomføring?
Folgefonna NP	Restaurering av Ridestien Tokheimslia. Setje opp vardar slik det var planlagt i 2002	100 000	Odda/Ullensvang turlag søkte i haust om støtte til å setje opp tre vardar i same stil som den på Bondhus inne i nasjonalparken i samsvar med stiprosjekt frå 2002. Vardane skal setjast opp på dugnad, men dei treng midlar til stein og transport av stein og dugnadsgjengen. Har fått 100 000,- frå sparebankstiftinga. Kan gjennomføre tiltak i år. Søkte samtidig om støtte til å restaurere stien der det har gått ras, men dei kjem ikkje til å prioritere dette tiltaket i år, då det krev mykje meir pengar og arbeidsinnsats.
Folgefonna NP	Utbetring med steinsetting av stien frå Øyresmerkevatnet opp til Breidablikk Turisthytte (arbeidet er utført)	200 000	Bergen og Hordaland Turlag har vore ansvarlege for å oppgradere stien opp til Breidablikk. Søkte om totalt 350 000,- i støtte og 200 000,- frå oss. Gjennomførte arbeid i 2015.
Buer LVO	Uttak av gran langs stien til Reinanuten i Buerdalen	100 000	Det står mykje tett planta gran på stien opp frå Buer til Buerstølen. Grana øydelegg for turopplevinga og hindrar utsikt over dalen. Det har tidlegare blitt teke ut gran i to omgangar med godt resultat. Hogsten går føre seg på hausten og ein hogg så langt ein kjem, og mesteparten av trea blir flydd ut med helikopter og noko lagt i haugar på plassen.

Buer LVO	Rydding og vedlikehald av turstien inntil breen etter ras, trefelling og andre naturskader	70 000	Enkelte stader langs stien inn til breen er ekstra vanskelege å passere (glatt, bratt), men med relativt enkle utbetringar blir det vesentleg tryggare. Ikkje planlagt tiltak, men kan gjennomførast relativt fort.
Bondhusdalen LVO	Midler til skjøtsel og vedlikehald av turveg i Bondhusdalen landskapsvernområde	50 000	Bondhus grunneigarlag vil kjøre inn ein slodd og grus til å halde vegen ved like. Folgefonna nasjonalparkstyre gjer ein avtale med dei om at dei står for tiltaket. Tiltaksmidlane omfattar innkjøp av «Drammensslodden» (m/triangelfeste KR 16.500,- +MVA og transport ca. 2.000,- komplett med slodd, gaffel, stropper, monteringssett samt kjetting) Samt innkjøp av grus for oppgrusing av Isvegen opp til Bondhusvatnet.
Bondhusdalen LVO	Restaurering av Gardshamarvegen	50 000	Gardshamarvegen er den gamle ridestien frå Bondhusdalen og opp til fjells. Nokre stader har vegen rast ut. Eit tiltak styre har bestilt sjølv, gjennomførast av Marius Sundal i Byggservice AS, avtalen er å gjennomføre i år. Styret har overført 50 000,- til Besøkssenteret for dette arbeidet. Har ikkje starta.
Hattebergsdalen LVO	Oppgradering av tursti langs Hattebergfossen. Del 1: Uttak av gran	100 000	Samarbeidsprosjekt mellom Baroniet, Kvinnherad kommune og Nasjonalparkstyret. Bestiller hogst i løpet av hausten.
Ænesdalen LVO	Hengebru ved Grisakleiv i Ænesdalen	130 000	I 2013 vart det søkt om og gitt løyve til å byggje to bruer, ved Kjeholmen og på Grisakleiv i Ænesdalen landskapsvernområde. Enes elveeigarlag bygde brua ved Kjeholmen i 2014 og fekk utbetalt 100 000,- i støtte til det. Det står i sluttrapporten frå dei at brua ved Grisakleiv er planlagt bygd i 2015 og at dei ber om 160 000,- til den.
Folgefonna NP + LVO	Bestille oppdrag: Naturfagleg vurdering av sårbarhet i verneområda	100 000	I ledd med besøksforvaltning treng Folgefonna ein vurdering av sårbarheten til naturen i verneområda. Vi har fått tilbud frå to konsulentfirma som kan gjere jobben i år.
Folgefonna NP + LVO	Spørjeundersøking ved besøksmål	15 000	I ledd med arbeid med besøksmålstrategi skal vi lage ein spørjeundersøking der gjestar på dei ulike innfallsportane blir bedne om å svare på nokre spørsmål om besøket sitt. Blir utført i sommar av ungdommar på utvalgte innfallsportar.
		<b>2 240 000</b>	

Arkivsaksnr: 2016/2843-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 13.05.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	12/16	02.06.2016

## Framlegg - Kjøp av tenester – Naturfagleg vurdering av sårbarhet i Folgefonna Nasjonalpark

### Forvalters tilråding

Inga tilråding.

### Bakgrunn

- Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder,  
<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M415/M415.pdf>
- Sårbarhetsvurdering i verneområder,  
<http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2015/Desember-2105/Sarbarhetsvurdering-i-verneomrader/>

### Vedlegg

- Bestilling
- Tilbod frå Rådgivende Biologer AS
- Tilbod frå Utmarksressurs

I ledd med arbeidet med å lage ein heilskapeleg besøksstrategi for Folgefonna nasjonalpark og tilliggande landskapsvernområde, er det behov for ei naturfagleg vurdering av kor sårbar naturen i verneområda er for ferdselen som finn stad i dag.

### Oppdraget

Forvaltar har henta inn tilbod frå to konsulentfirma som driv med biologiske kartleggingar og tilboda deira blir skildra under. Oppdraget som blei skildra var å gjere ein analyse av kor sårbart naturmangfaldet i verneområda er for ulike typar av

menneskeleg påverknad i form av ferdsel og friluftsliv. Analysen skal vere basert på dagens kunnskap om naturmangfaldet i verneområda, og generell økologisk kompetanse.

Vidare var oppdraget å velje ut fire område der ein ser nærare på dei økologiske konsekvensane av ferdselstrykket som er der i dag. Her er det lagt opp til å synfare i felten kva for slitasje ferdselen påfører områda. Desse to bolkaner skal ende i ein rapport som gir ein oversikt over kor det er sårbar natur i verneområda og om nokon av dei områda som er besøkte viser teikn til at naturmangfaldet er skadelidande under dagens bruk.

### **Tilboda**

Det blei spurt om tilbod frå to ulike konsulentfirma og dei var begge positive til å gjere jobben slik han er skildra i bestillinga.

Rågivende Biologer AS har stipulert 45 timar til feltarbeid og 100 timar til rapportskriving. Med ein timesats på 950,- gjer dei eit tilbod på å gjennomføre arbeidet for 140 000,- ekskludert moms. Dei vil vere ein biolog og ein botanikar som skriv rapporten saman, som begge har lang fartstid og god erfaring med oppdragsverksemd innanfor naturmangfald.

Utmarksressurs har sett ei ramme på 45 570,- ekskludert moms. Dei reknar då ein timepris på 610,- ekskl. mva, og vurderer at dei vil bruke 10 arbeidsdagar på arbeidet. Frå utmarksressurs blir det Steinar Lund som skal gjere jobben. Han er naturforvaltar og har tidlegare vore nasjonalparkforvaltar for Jostedalbreen nasjonalpark.



Følgefonna nasjonalparkstyre  
v/ Arstrid Bakke Haavik

Bergen, 2. mai 2016

## **Tilbod på Naturfagleg vurdering av sårbarheit i Følgefonna nasjonalpark og landskapsvernområda Bondhusdalen, Ænesdalen og Buerdalen**

Viser til mottatt forespørsel den 28. april 2016 om å gi tilbod på å utarbeide ei naturfagleg vurdering av sårbare naturområde i Følgefonna nasjonalpark og eit utval tilgrensande landskapsvernområde. Rådgivende Biologer AS takkar for invitasjonen og gir her eit tilbod på prosjektet.

### **Prosjektet**

Det er ønskeleg med ei naturfagleg vurdering av sårbare naturområde i Følgefonna nasjonalpark og resten av områda som er i nasjonalparkstyre sin mynde. Føremålet med prosjektet er å seie noko om kor sårbart naturmangfaldet i verneområda er for ulike typar av menneskeleg påverknad i form av ferdsel og friluftsliv. Det er vald ut fire område der ein skal sjå nærare på dei økologiske konsekvensane av ferdselstrykket som er der i dag:

- Bondhusdalen og sti opp til Fonnabu
- Ænesdalen, hovudsti inn Ænesdalen
- Buerdalen, sti inn til brearmen
- Tursti inn til Sauabrehytta

### **Kunnskapsgrunnlaget for naturmangfold og vurdering av sårbarheit**

Det fins ein god del kunnskap om naturmangfaldet knytt til Følgefonna og omkringliggende område frå før. Mykje av informasjonen er opparbeida i samband med verneprosessen og føreligg i ulike rapportar, men det er også nyare kunnskap i nasjonale databasar. Når det gjeld vurderingar av sårbarheit held NINA på å utarbeide metodikk for dette (Eide mfl. 2015). I Eide mfl. (2015) er det utarbeida eit fagleg grunnlag for kva typar vegetasjon og kva slags artar (fauna) som er særleg sårbare for menneskeleg påverknad.

### **Feltarbeid**

Dei fire fokusområda vil bli undersøkt for å dokumentere eventuelle konflikhtar med naturmangfaldet. Dette vil i hovudsak dreie seg om slitasje og erosjon i/langs stiar som følge av ferdsel. Det vil bli gjort eit grundig forarbeid slik at viktig informasjon om naturmangfaldet er godt kjent før ein reiser ut i felt. Det vil bli lagt vekt på å kartfeste (GPS) og fotodokumentere eventuelle problemområde, samt å gi ein kortfatta skildring av vegetasjon og andre relevante naturforhold.

### **Rapportering**

Det vil bli utarbeida ein rapport som oppsummerar eksisterande kunnskap om naturmangfald i nasjonalparken og dei verneområda som er under Følgefonna nasjonalparkstyre sin mynde. I tillegg til å gjennomgå mottatt grunnlagsmateriale og nasjonale databasar, vil me hente inn informasjon frå konsekvensutgreiingar, der ein ofte kan finne viktig informasjon som ikkje er oversendt forvaltninga. På bakgrunn av denne informasjonen vil ein belyse kva område som er særleg sårbare for menneskeleg påverknad. Vurderinga av sårbarheit vil ta utgangspunkt i metodikk for sårbarheitsanalyse (Eide mfl. 2015). Sidan denne metodikken fortsatt er under utvikling og det ikkje er gjennomført NiN-kartlegging i desse områda, vil ein først og fremst ta utgangspunkt i raudlista naturtypar og artar, samt utvalde naturtypar og prioriterte artar. Men der det fins informasjon om andre sårbare naturtypar og artar (jf. metodikken i Eide mfl. 2015) vert dette teke med. Sårbarheten vil bli vurdert separat for flora og fauna og sårbare område vil bli illustrert på kart (vha. GIS).

Vidare vil rapporten innehalde status for dei fire fokusområda, basert på resultatata frå feltarbeidet. Eksisterande informasjon om dagens bruk og ferdsel i desse områda vil også bli omtalt.



Eit forslag til struktur av rapporten er som følger:

<i>Forord</i>
<i>Samandrag</i>
<i>Innleiing</i>
<i>Metode og datagrunnlag</i>
<i>Del I</i>
- <i>Om Folgefonna nasjonalpark og tilgrensande verneområde</i>
- <i>Kunnskapsgrunnlaget for naturmangfald</i>
○ <i>Kort om naturgrunnlaget, berggrunn, klima osv.</i>
○ <i>Naturtypar</i>
○ <i>Artar</i>
- <i>Sårbar vegetasjon (tekstomtale og vist på kart)</i>
- <i>Sårbart dyreliv (tekstomtale og vist på kart)</i>
<i>Del II</i>
- <i>Bondhusdalen</i>
○ <i>Eksisterande ferdsel/bruk</i>
○ <i>Problemområde (tekstomtale, foto og vist på kart)</i>
- <i>Ænesdalen</i>
○ <i>Eksisterande ferdsel/bruk</i>
○ <i>Problemområde (tekstomtale, foto og vist på kart)</i>
- <i>Buerdalen</i>
○ <i>Eksisterande ferdsel/bruk</i>
○ <i>Problemområde (tekstomtale, foto og vist på kart)</i>
- <i>Tursti inn til Sauabrehytta</i>
○ <i>Eksisterande ferdsel/bruk</i>
○ <i>Problemområde (tekstomtale, foto og vist på kart)</i>
<i>Oppsummering / diskusjon</i>

## **Tidsplan**

Det vil vere hensiktsmessig å utføre feltarbeidet nokså seint i barmarksesongen, helst mot slutten av august. Feltarbeidet vil ta i underkant av fire dagar, pluss reise til og frå Bergen, omtrent **45 timar**. Utkast til rapport kan leverast innan **25. september 2016** slik at oppdragsgjevar har anledning til å komme med innspel før ferdigstilling den 1. oktober 2016. Til rapportering, inklusiv forarbeid og eventuell oppretting etter kommentarar frå oppdragsgjevar, vert det rekna **100 timar**.

## **Aktuelle konsulentar for oppdraget**

Følgjande konsulentar hjå Rådgivende Biologer vil utarbeide rapporten:

- Cand. scient. Linn Eilertsen, biolog/naturforvaltar.
- Dr. scient. Torbjørg Bjelland, botanikar.

## **Pris**

Rådgivende Biologer AS kan gjennomføre det skisserte opplegget for inntil **kr. 140 000,- ekskl. mva.** Dette inkluderer alle kostnader i samband med prosjektet, også reisekostnader. Nyttatimepris er kr. 950,-.



Me håper tilbudet er av interesse, og ser fram til et vidare samarbeid om dette prosjektet. For meir informasjon om oss, vår kompetanse og erfaring, sjå vår heimeside: [www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no).

Med vennleg helsing

Linn Eilertsen  
Nestleiar, cand. scient.

Vedlegg:

CV Linn Eilertsen

CV Torbjørg Bjelland

Referanse:

*Eide, N.E., Hagen, D., Gundersen, V., Vistad, O.I., Fangel, K., Erikstad, L., Strand, O. & Blumentrath, S. 2015.*

*Sårbarhetsvurdering i verneområder. Utvikling av metodikk for å vurdere sårbarhet for vegetasjon og dyreliv knyttet til ferdsel i verneområder i fjellet. – NINA Rapport 1191. 64 s. + vedlegg*





Arkivsaksnr: 2016/2843-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 06.05.2016

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Folgefonna nasjonalparkstyre	13/16	02.06.2016

## **Framlegg - Møtegodtgjersle**

### **Innstilling frå forvaltar**

Det blir sett ein godtgjersle for møter i Folgefonna nasjonalparkstyre for perioden 2016-2019.

DS 8/16 Løyve - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om motorferdsel med helikopter- Vatnastøl

DS 9/16 Vedtak - løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Espeland - Buerstølen - Bruk av snøscooter i perioden 2016 - 2020 - Bjørn Buer

DS 10/16 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Kvinnherad - Helikoptertransport til Krokasætra

DS 11/16 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Motorferdsel til transport av salt og saltsteinar til beiteområder kring Fagradalsfjellet

DS 12/16 Søknad om forlenging av løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Espeland - Grønsdalsstølen - Ormannshaug - Bruk av snøscooter - Steinar Grønsdal

DS 13/16 Løyve - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsle - Bruk av helikopter for transport av feltmateriell til vedlikehald av uthus - Mosdal - Are Gram Økland

DS 14/16 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Motorisert ferdsel i samband med drift og vedlikehald av teknisk anlegg